

Øygarden brann og redning IKS

Styret
Møteprotokoll

MEDLEM

Namn	Rolle	Representerer	Merknad
Per Rune Eikeseth	styreleiar	Sund kommune	Møtt
Olav Martin Vik	nestleiar	Øygarden kommune	Møtt
Silvia Haugland	medlem	Øygarden kommune	Forfall
Nina Glesnes	medlem	Sund kommune	Møtt
Elna Nybakk	medlem	Fjell kommune	Møtt
Sveinung Vethe	medlem	Fjell kommune	Møtt
Jørgen Kausland	medlem	Tilsette	Forfall
Eirik Monssen	observatør	Tilsette	Møtt

VARAMEDLEM

Svein Berger Bjørge	Varamedlem	For Silvia Haugland	Møtt
Petter A. Rørvik	varamedlem	For Eirik Monssen	Møtt som observatør


ANDRE

Bjørn Olav Paulsen	brann- og redningssjef
Nils Anders Mæland	varabrannsjef

Dato: 17.10.2018
Tid: 1500 – 16:45
Stad: *Kreisen, Ågotnes brannstasjon*



Per Rune Eikeseth
styreleiar


Olav Martin Vik
nestleiar


Elna Nybakk
styremedlem


Svein Berger Bjørge
varamedlem


Nina Glesnes
styremedlem


Sveinung Vethe
styremedlem


Eirik Monssen
varamedlem

Saker til behandling	
	Orienteringssaker
S43/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste møte 17.10.2018
S44/2018	Godkjenning av møteprotokoll 10.09.2018
S45/2018	Økonomistatus per 11.10.2018
S46/2018	Budsjett 2019 – nytt framlegg

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	17.10.2018	S43/2018	Bjørn Olav Paulsen
Innkalling og saksliste for møte 17.10.2018			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 17.10.2018. Brann- og redningssjefen rår styringsgruppa til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 17.10.2018 slik den ligg føre.

Brann- og redningssjef gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

Vedtak

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre. Samrøystes vedteken

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	17.10.2018	S44/2018	Bjørn Olav Paulsen
Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.09.2018			
Trykte vedlegg: Møteprotokoll frå møte 10.09.2018			

Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll for 10.09.2018. Brann- og redningssjefen rår styringsgruppa til å godkjenne møteprotokollen slik den ligg føre.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 10.09.2018 slik den ligg føre.

Vedtak

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 10.09.2018 slik den ligg føre. Samrøystes vedteken

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	17.10.2018	S45/2018	Bjørn Olav Paulsen
Økonomistatus per 11.10.2018			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld enkel rapportering om økonomisk status for selskapet. Brann- og redningssjefen rår styret til å ta økonomistatus per 30.08.2018 til orientering.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret tek økonomistatusen per 11.10.2018 til orientering.

Vedtak

Styret tek økonomistatusen per 11.10.2018 til orientering. Samrøystes vedteken

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	17.10.2018	S46/2018	Bjørn Olav Paulsen
Budsjett 2019 – nytt framlegg			
Trykte vedlegg: Ingen			
<p>Saka gjeld tilråding til driftsbudsjett for 2019. Styreleiar og brann- og redningssjefen har vore i møte med representantskapet 05.10.2018, og fekk der i oppdrag å kome attende med eit budsjettframlegg utan full implementering av branndokumentasjonen. Representantskapet la føringar på kva for budsjettalternativ dei ønska. Det er utarbeida fire alternative budsjettframlegg, og felles for alle er at dei inkluderer dei tiltaka som er iverksette (feiarveinstilling og lærling, samt oppgradering av beredskapløysinga på Dalsneset). To av tiltaka, feiarvein og lærling, slår ikkje ut på nettotala fordi dei er avgiftsfinansierte. Kostnadar til 110-sentral er synleggjort særskilt. Brann- og redningssjefen legg saka fram utan forslag til innstilling, men viser til oppsummeringa i saka.</p>			

Vedtak i sak R08/2018 møte 05.10.2018

Representantskapet ber ØBR utarbeide eit nytt framlegg til budsjett for 2019

1. Eit budsjett basert på ei kommunal deflator for 2019, samt nye tiltak som kan finansierast over avgift (ny feiarvein og lærling).
2. Eit alternativt budsjett der ein tek inn eitt ev. fleire tiltak frå branndokumentasjonen, med tilhøyrande prioritering og verknadstidspunkt.

Kostnadar til 110-sentralen skal synleggjerast særskilt. Desse vert enten å dekkje direkte av eigarane eller vert lagt til ØBR. **Samrøystes vedteken**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Lagt fram utan innstilling

I møtet

Styreleiar gav eit referat frå møte med representantskap 5. oktober. Representantskapet sin leiar hadde gjeve uttrykk for at pkt. 1 i representantskapet sitt vedtak ikkje skulle vere eit budsjett som gav underdekking, så styret ba difor brann- og redningssjef lage eit budsjett utan underdekking. Styret var også klar på at det i tillegg må presiserast at kostnad til 110-sentralen ikkje er med i framlegga, og kjem i tillegg. Dette må synleggjerast særskilt.

Styret ba også brann- og redningssjefen vise kva auke som må til for å

1. etablere oppgradert vaktordning ved Skogsskiftet
2. etablere oppgradert vaktordning ved Ågotnes brannstasjon – steg 1
3. etablere oppgraderingane ved begge stasjonar pkt. 1 + 2 .

Stasjon	Personell i vakt i dag	Personell i vakt iht vedteken branndokumentasjon	Merknad
Skogsskiftet	4 lag a' 2 personar	4 lag a' 3 personar	Døgnskiftet dreiande vakt (deltid)
Ågotnes	4 lag a' 3 personar	4 lag a' 4 personar	Merk at ein ved kvart vaktlag berre har fritidsvakt. Det vil difor i praksis berre vere 3 personar i vakt på dagtid. Dette er steg 1 i oppgraderinga ved Ågotnes brannstasjon. Dei neste to stega vil gje ei mindre dagkasernert vaktstyrke og fullverdige 4 lag a' 4 personar i vakt heile døgeret.

Framlegg til vedtak frå Per Rune Eikeseth

Vedtak

I samråd med vedtak i sak R08/2018 i representantskapet for Øygarden brann og redning, legg styret fram budsjettforslag som følgjer.

1. Budsjettalternativ – vidareført dagens drift

Kommune	Drift, og fond utan feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Sum overføring	Nettokost ¹
Fjell	16 462 000	3 294 000	19 756 000	16 462 000
Sund	4 630 000	926 000	5 556 000	4 630 000
Øygarden	4 630 000	926 000	5 556 000	4 630 000
Sum	25 722 000	5 146 000	30 868 000	25 722 000

¹ Nettokostnad for kommunen er samla overføring minus kostnad til feiing og tilsyn med fyringsanlegg, som er ein avgiftsfinansiert teneste

2. Budsjettalternativ – vidareført drift + nye tiltak jf. vedteken branndokumentasjon

Alternativa viser kor mykje eigarane må auke overføringane for at selskapet skal kunne sett i verk eitt eller begge av dei to omtalt vaktoppgraderingane.

Tiltaka er sett opp i prioritert rekkjefølgje og har halvårsverknad.

2.1 Styrke vaktlaget ved Ågotnes brannstasjon (steg 1) frå 3 til 4 personar.

Fjell sin andel aukar kr 314 000 til kr 20 070 000, nettokostnad 16 776 000

Sund og Øygarden sin andel aukar med kr 89 000 til kr 5 642 000, nettokostnad kr 4 716 000.

Tabellen under viser fordelinga per kommune.

Kommune	Drift, og fond utan feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Sum overføring	Nettokost ¹
Fjell	16 776 000	3 294 000	20 070 000	16 776 000
Sund	4 716 000	926 000	5 642 000	4 716 000
Øygarden	4 716 000	926 000	5 642 000	4 716 000
Sum	26 208 000	5 146 000	31 336 000	26 208 000

¹ Nettokostnad for kommunen er samla overføring minus kostnad til feiing og tilsyn med fyringsanlegg, som er ein avgiftsfinansiert teneste

2.2 Styrke vaktlaget Skogsskiftet brannstasjon frå 2 til 3 personar

Fjell sin andel aukar kr 258 000 til kr 20 014 000, nettokostnad 16 720 000

Sund og Øygarden sin andel aukar med kr 73 000 til kr 5 629 000, nettokostnad kr 4 703 000

Tabellen under viser fordelinga per kommune.

Kommune	Drift, og fond utan feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Sum overføring	Nettokost ¹
Fjell	16 720 000	3 294 000	20 014 000	16 720 000
Sund	4 703 000	926 000	5 629 000	4 703 000
Øygarden	4 703 000	926 000	5 629 000	4 703 000
Sum	26 126 000	5 146 000	31 272 000	26 126 000

¹ Nettokostnad for kommunen er samla overføring minus kostnad til feiing og tilsyn med fyringsanlegg, som er ein avgiftsfinansiert teneste

2.3 Styrke vaktlaget ved både Ågotnes og Skogsskiftet brannstasjonar (dvs både pkt. 2.1 og 2.2)

Fjell sin andel aukar kr 572 000 til kr 20 328 000, nettokostnad 17 034 000

Sund og Øygarden sin andel aukar med kr 161 000 til kr 5 717 000, nettokostnad kr 4 791 000

Tabellen under viser fordelinga per kommune.

Kommune	Drift, og fond utan feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg	Sum overføring	Nettokost ¹
Fjell	17 034 000	3 294 000	20 328 000	17 034 000
Sund	4 791 000	926 000	5 717 000	4 791 000
Øygarden	4 791 000	926 000	5 717 000	4 791 000
Sum	26 208 000	5 146 000	31 762 000	26 208 000

¹ Nettokostnad for kommunen er samla overføring minus kostnad til feiing og tilsyn med fyringsanlegg, som er ein avgiftsfinansiert teneste

3. Kostnad for 110-sentral kjem i tillegg for alle alternativ

Kommune	Brutto innbetaling 2019*
Fjell	853 000
Sund	341 000
Øygarden	280 000

(*kjelde: Bergen brannvesen)

Samrøystes vedteken